# Menighetsbladet

41. årgang Nr. 2 Påsken 2008 -



Bore

Orre

Klepp

Frøyland og Orstad

41. årgang Nr. 2 Påsken 2008 -

Menighetsbladet

Organ for Klepp Prestegjeld.
Kjem ut 6 gonger i året.

Redaksjonskomité:
Einar Egeland
Anne Håkonsholm
Olav Harbo
Laila Gravdal (kontaktperson)

Framsidefoto: sxc.hu

Layout: Linda Aanestad

Trykk: Jærbladet

Postadresse:
Menighetsbladet
- Postboks 101
- 4358 Kleppe

- Telefon: 51 78 95 55
- e-post:
menighetsbladet@klepp-kirken.no

Bankgiro: 3290.07.02239

Neste nummer kjem ut i slutten av mai.

**STOFF MÅ LEVERAST INNAN 29.04 !**

Surf innom
www.klepp.kirken.no
eller
www.klepp.kyrkja.no.

Der vil du finne mykje nyttig informasjon.
Velkomen!

# KLEPP KYRKJELEGE FELLESRÅD

KLEPP KYRKJEKONTOR

| | |
|---|---|
| Besøksadresse: | Kleppvarden 2, 4352 Kleppe |
| Postadresse: | Postboks 101, 4358 Kleppe |
| Telefon: | 51 78 95 55 |
| Telefaks: | 51 78 95 50 |
| e-post: | kontor@klepp-kirken.no |

e-post Menighetsbladet: menighetsbladet@klepp-kirken.no
Heimeside: www.klepp.kyrkja.no

KONTORTIDER

| | |
|---|---|
| Måndag, tysdag og torsdag: | 08.30 - 14.30 |
| Onsdag: | 08.30 - 12.30 og 17.00 - 18.30 (etter avtale) |
| Fredag: | 08.30 - 12.30 |

Frøyland og Orstad kyrkjekontor:
Besøksadresse: Orstadvegen 2, 4356 Kvernaland
Postadresse: Postboks 43, 4356 Kvernaland
Telefon: 51 42 65 21
Telefaks: 51 42 65 26
Heimeside: www.minkirke.no/fok

Kontortider:
Tysdag og torsdag: 09.00-12.00

| | |
|---|---|
| Bore kyrkje | 51 42 22 52 |
| Soknerådet, Nikolai Homme | 51 42 00 77 |
| | |
| Frøyland og Orstad kyrkjelyd | |
| Soknerådet, Asbjørn Ueland | 51 48 76 13 |
| | |
| Klepp kyrkje | 51 42 16 39 |
| Soknerådet, Svein Olav Nesse | 51 42 34 86 |
| | |
| Orre kyrkje | 51 42 23 46 |
| Soknerådet, Bjørn Borgen | 51 42 86 94 |

TELEFONLISTE ANSATTE:

| **Namn** | **Direktenummer** | **Privat** |
|---|---|---|
| Kyrkjeverge, Per Gaute Liland | 51 78 95 60 | 412 66 042 |
| | | |
| Sokneprest, Andreas Haarr | 51 78 95 51 | 51 42 38 41 |
| Sokneprest, Åsmund Steinnes | 51 78 95 52 | 402 01 978 |
| Sokneprest, Arnt Askildsen | | 51 66 97 33 |
| Prest, Jarle Minnesjord | 51 78 95 54 | 970 66 145 |
| Prest, Frode Helvig | | 986 03 405 |
| | | |
| Kantor, Laila Gravdal | 51 78 95 58 | 413 09 280 |
| Organist, Ove Byberg | 51 78 95 58 | 926 67 300 |
| Musikalsk leiar, Hilde Svela | | 482 45 034 |
| | | |
| Diakon (vikar), Ingelin H. Norbakken | 51 78 95 56 | 481 90 318 |
| | | |
| Kateket, Karsten Wilhelmsen Degnes | 51 78 95 53 | 450 48 726 |
| Menighetspedagog, Kjersti Olimb Salte | 51 78 95 57 | 478 70 004 |
| Menighetspedagog, Hildegunn Undheim | | 911 81 578 |
| Ungdomsarbeidar, Helen Hetland Mori | | 412 02 272 |
| Ungdomsarbeider, John Lende | | 917 14 048 |
| | | |
| Kyrkjetenar, Ketil Arne Terning | 51 78 95 57 | 900 35 471 |
| Kyrkjetenar Bore, Morten Byberg | | 51 42 25 16 |
| Kyrkjetenar Orre, Marit Hetland | | 51 42 89 03 |
| | | |
| Klokkar Bore, Terje Idsø | | 51 42 18 09 |
| Klokkar Orre, Bjørn Borgen | | 51 42 86 94 |
| | | |
| Dagleg leiar Frøyland og Orstad, Marie Klakegg Grastveit | | 908 66 173 |



# Kjære lesarar!



## God Påske!

Eg vil ynskje dykk alle ein god påske med dette bibelverset frå Jesaja 53:4-5:

*Sanneleg, våre sjukdomar tok han på seg, og våre pinsler bar han. Vi trudde han var heimsøkt, slegen av Gud og ille plaga. Men han vart såra for våre brot og sundbroten for våre synder. Straffa låg på han, så vi skulle ha fred, og ved hans sår har vi fått lækjedom.*

God Påske!

Beste helsing
Per Gaute Liland, kyrkjeverje

# EGYPT

## – kristen kyrkje med ånd og liv.

Tekst og foto: Greta Bore Haarr og Andreas Haarr

**I januar var mange prestar og ektefellar på tur til Egypt og Kairo. I ti dagar fekk me sjå og oppleva mykje. Nå har me sett pyramidar og Sfinksen, Tutankhamon og alt han hadde med seg i grava av både gull og stolar og senger og mykje meir. Det vart og tid til besøk i moskear og tur på Nilen. Men det som sit sterkast att er møte med dei kristne i Egypt.**

Om lag 10 millionar av Egypt sine 77 millionar er kristne, og dei aller fleste av desse er koptisk-ortodokse. Koptisk er eit anna ord for egyptisk, og fortel noko om at denne kyrkja har vore i Egypt alltid. Etter tradisjonen var det evangelisten Markus som slo seg ned i Aleksandria, og dette var starten på ein ubroten 2000 år lang kyrkjehistorie. Den nåverande erkebiskop og koptiske pave, Shenouda III, reknar seg som 117. erkebiskop på Markus sin bispestol.

Den koptiske kyrkja har hatt 1400 år under muslimsk styre. I dag seier dei ikkje at dei vert forfylgde, men at dei er hardt pressa er det liten tvil om. Kristne har ikkje same mulighet for arbeid og karriere som muslimar, og dei vert trakasserte. Det er og strengt forbode å konvertera frå islam til kristendom, medan det ikkje er noko problem å gå frå kristendom til islam.

Den koptiske kyrkja er annleis enn vår og har andre uttrykksformer. Likevel er det ei kristen kyrkje med ånd og liv. Vårt møte med biskop Thomas var eit møte med ein biskop som startar dagen kl 0400 for å vera i bøn fram til 0700, og som brukar eit døgn kvar veke i stilla og bøn. Han var ein inspirerande mann å høyra på når han snakka om å gje Den Heilage Ande tid i våre liv, og om å vera i Gud og Gud i oss. Biskopen har bygt opp ein retreatplass på eit 600 mål stort område, ein times kjøring ut frå Kairo. Her kjem det folk frå heile verda for å vera med på retreat. Me fekk vera med på kveldsbøn i kyrkja i lag med mange frå andre land, og det gjekk på arabisk og engelsk, svensk, fransk og norsk, og alle bad me Fader Vår på vårt eige tungemål. Kyrkja hadde få stolar, men det var alminnelege "norske" filleryer på golvet. Området var ørken, men ved hjelp av grunnvatn er det nå planta til med mange tre, og det vert dyrka korn og grønsaker.

Den koptiske kyrkje har dei siste 150 åra lagt vekt på søndagsskule. Dette har i neste omgang ført til at det er ei kyrkje kor unge menn og kvinner står i kø for å gå i kloster, og det vart sagt at ein av ti som søkjer, vert slept inn i klosterlivet, og då etter at dei har gjort ferdig militærteneste og utdanninga. Det var omlag 3000 munkar og 1500 nonner, og fleire kloster som hadde vore ruinar i hundrevis av år, vart nå tekne i bruk att. Det var i desse ørkenområda klosterrørsla starta for 1600-1700 år sidan, og nokre av desse gamle klostera har ein ubroten historie frå starten av. Det klosteret me vitja hadde høge murar som omkransa området, som eit fort, og murane fortel noko om at det har ikkje vore ufarleg å vera kristen i desse områda.

Det egyptiske bibelselskapet var me og innom. I løpet av dei siste åra har talet på bibelbutikkar auka frå 3 til 12. Dei må passa seg nøye for korleis dei driv arbeidet og må vera nøye på å halda seg innanfor lovar og reglar. Dei hadde bibelbud-levering på dørene, ikkje alle våga gå inn i ein bibelbutikk. Dei hadde store reklameplakatar langsmed vegane og i aviser. Dette var lovleg, men mange vart forundra når dei såg desse reklamane, ingen hadde tenkt at det kunne gjerast på det viset.

Biblar og bibeldelar vert selt til ein billeg penge, slik at dei taper for kvar bibeldel dei sel. Difor treng dei vår støtte for å kunna driva arbeidet.

Me var og innom ein kristen tv-kanal, Sat 7. Dei sender kristne program på arabisk til alle arabisktalande land. Dei hadde og streng sjølvsensur på korleis dei kunne  driva arbeidet. Dei kunne ikkje oppfordra muslimar til å verta kristne, og dei kunne til dømes ikkje gjera filmopptak på gata, men måte halda seg innanfor område som var ått av kristne.

Søppelbyen fekk me og sjå litt av. Det er ein eigen bydel for dei som lever av å henta og sortera søppel, dei fleste av desse er kristne. Her har dei ei stor amfikyrkje, under open himmel, med plass til 16000 og med fleire tusen som går til sundagsskule kvar veke.

At Jesus i Egypt tenkjer me lite over til vanleg, men det står i vår bibel og, at Josef fekk melding frå Herrens engel; Stå opp, ta barnet og mora med deg og røm til Egypt! For dei egyptiske kristne var dette noko dei var stolte av og som gav dei ein eigen identitet som det einaste landet Jesus har vore i utanom Israel.

Alt i alt, møtet med dei kristne i Egypt sette spor. Dei treng vår forbøn. Biskop Tomas kjem til Jæren og skal vera med på eit møte i Bryne kyrkje 2.sept kl.1930. Han er verdt å høyra på!







Olav tøffer seg.

# Konfirmanttur

## TIL VIER

### for Klepp- og Orre-konfirmanter 8. – 10. februar

Tekst: Karsten Degnes, kateket

**Jeg blir ikke lei av å reise på tur med konfirmanter! Alltid skjer det noe man ikke forventer og som oftest blir jeg positivt overrasket.**

På konfirmantturen til Vier prøvde vi noe nytt. Alle rom (der det lå konfirmanter) fikk hver sin leder. Dette var en kjempesuksess og lederne fikk et mye nærere forhold til sine konfirmanter.

Vi ble velsignet med kjempebra vær og hadde en utrolig bra weekend. Kiosken måtte fylles på flere ganger og grillpølsene vi grilla til lunsj smalt unna som varmt hvetebrød. Konfirmantene var positive og glade og vi tror de hadde en god opplevelse. Høydepunktet for noen var "døyninga" på fredagsnatta, mens for andre var det forbønnen på kvelden.

Det som imponerte og gledet meg mest på denne turen var nok lederne. Vi er så utrolig heldige i menighetene våre, for vi har så mange gode ungdommer! Per dags dato har jeg over 50 stk jeg fint kan spørre om å stille som konf.ledere og som jeg VET vil gjøre en glimrende jobb! Det er et privilegium å få være med å lede en sånn gjeng!

Takk til alle som var med på turen, jeg gleder meg allerede til neste gang! ☺



Vinnere av ballongklovn.



Kort i panna!


Orreguttane med romledere.


Pølsekomiteen.


Mari og Kenth André rydder.


Vinner-elgen!

1. **Hva syns du om å være med på konfirmantweekend?**
2. **Hva syns du var best og hvorfor?**
3. **Hva vil du si til de som skal være konfirmanter neste år?**



## KONFIRMANT EIVOR SANDVIK

**1.** - Eg synst det va kjempe kjekt å få væra me til Vier (ikkje Vinje .. hehe) å få bli kjendt me nye folk. Koste meg masse som leder og synst konfirmantane var kule :)
Synst det var bra programm og gydd me litt fritid der me kunne bare spela og ha det løje :D

**2.** - Eg synst det var best og vera i samen med konfirmantane, spela kortspill, tulla og eda snob :) Det va og bra når me hadde møter på kvelden med sang og ein liten tale, blei liksom ikkje for langt eller for kort!

**3.** - GLED DOKK! Dei har møje å sjå fram til, kan spessielt anbefala konfcamp, det er konge :)

## KONFIRMANT LENE MALMIN



**1.** - Det var kjekt å bli kjent med nye folk + lederne som var med i år var best

**2.** - Det var eit vanskelig spørsmål, men alt var egentlig kjekt, men det som var kjekkast var egentlig sporløypå og når me hadde fri til å bli kjent med folk, møtene og var konge :)

**3.** - Eg vil sei at dei bør gleda seg for det var konge :)

2008

# KONFIRMANTAR



## Klepp • Bore • Orre • Frøyland og Orstad

## KLEPP

**27. april kl 10.30**
Fredrik Klinkenberg Bore
Tonje Braut
Tonje Iren Braut
Tora Braut
Espen Damsgård
Vegard Egeland
Jarle Gjøn
Kersti Hellevik
Maria Hodne
Agathe Wilson Karlsen
Liva Lagestrand
Anders Løland
Lene Malmin
Elin Egeland Roda
Nicolai Rosengren
Åsne Rosland
Kristian Salte
Kristian Salte
Siril Schei
Eline Schrøder
Malin Cecilie Stokke
Andreas Han Soo Stokland
Monica Svela
Rakel Bjorland Sæstad
Bjarne Tjøtta
Lene Voll

**27. april kl 12.30**
Ragnhild Ausdal
Marius Bjerga
Bjørn Kjetil Bore
Elise Dagestad
Dina Egeland
Marius Rygg Ekeland
Ola Storhaug Fosse
Ine Marie Grøtteland
Kristoffer Gaard
Benedikte Gåsland
Jeanette Mari Dreyer Harjo
Wenche Haaland
Erlend Klingsheim
Susann Tjetland Kolstø
Ole Rasmus Kjørlien Mjølhus
Marita Mæle
Bente Nærland
Kenth Andrè Salte
Lisa Tu Storhaug
Runar Storlid
Bjørn-Ivar Sæther
Kjartan Tengesdal Sørensen
Gaute Terning
Maria Thorisdottir
Fredrik Tjelta
Gøran Vestly
Christer Alexander Wold

**4. mai kl 10.30**
Bernt Brekne Anda
Lovise Bore
Torstein Erga
Julie Marie Sele Haga
Evelin Haugsland
Hanna Elisabeth Laland Hystad
Preben Kirketeig
Maren Kjenslie
Siv Åshild Kydland
Torbjørg Håland Lekve
Maria Opstad Mellemstrand
Erik Rosland
Olav Rørstad
Birgitte Stokka
Elise Undheim
Kristine Vold
Kamilla Tonstad Vårvik
Gøran Håland Østensjø
Thomas Aarstad

**4. mai kl 12.30**
Ine Therese Aslaksen
Ragnhild Hauge Clemetsen
Oda Karina Nysted Grødem
Bjarte Hatteland
Linn Chanett Horpestad
Mari Kristine Høyekvam
Dina Gresdal Løland
Sander Madsen
Silje Ravndal
Thomas Risa
Joakim Skjæveland
Eivind Storhaug
Adriane Tjøstheim
Ola Melstokkå Waagen
Andreas Reve Åreskjold

Adriane og Odin Ferking Kirkeleit konfirmeres i Skudenes kyrkje.

## BORE

**27. april kl 11.00**
Kristian Meinich Backe
Marit Beathe Finstad
Gjertrud N. Grødem
Maria Hauge
Martin Haukali
Morten Flaata Hermansen
Stian Horpestad
Vibecke Isachsen
Anette Kleppe
Ove Pollestad
Evelyn Røstad
Bjørn Køhn Skjæveland
Anders Stangeland
Marlen Seldal Stangeland
Lena Strømstad
Oddgeir Tjelta
Vilde Valland
Kristoffer Vinje
Sindre Vinje
Jone Øvregård

**3. mai kl 11.00**
Ørjan Horpestad
Ingrid Eline Huru
Geir Magne Håland
Julianne Kommedal
Geir Egil Reve
Terje Reve
Georg Stangborli
Tonje Marie Lekve Stangeland
Espen Stavenes Sømme
David Theodor Thorsen
Kristine Tjetland

**4. mai kl 10.30**
Annelin Bilstad
Iselin Kvinnsland Hielm
Karin Hodne
Alice Husebø
Joachim Johansen
Vilde Marie Livastøl
Karina Nesse
Veronica Selør
Ingrid Irene Stangeland
Sondre Asheim Vorset
Lasse Tjessheim Walde
Janne Katrine S. Øien

**4. mai kl 12.30**
Simen Hella Andresen
Mathias Lode Engelsgjerd
Marius Fiskebekk
Victor Garpestad
Marius J. B. Hagalid
Torstein Hodne
Jone Kåstad
Jon Fredrik Hodne Rege
Sindre Sele
Einar Mjaaland Sele
Runa Lise Skadsem
Thomas Skjelbred

## ORRE

Ann Kristin Bøe
Richard Utbjoa Ditlefsen
Eva Katrine Erga
Ragnar Erga
Simon Haugstad Garborg
Stine Orre Haugland
Henning Nygård Horpestad
Christoffer Haugstad Neraas
Odd Ingebret Paulsen
June Terese Rugland Rage
Alexander Rosland
Elisabeth Salte
Anders Steinsland
Silje Stensland
Mats Wiig
Jan Inge Wiig
Stein Erik Aase
Eimund Aase
Linda Aase

## FRØYLAND OG ORSTAD

Alf Kåre Håland
Alf Martin Marøy Steinsøy
Andre Løvland Andersen
Andre Thuv
Ann Elin Håland
Ann Helen Vigenes Hommeland
Anna Kirstine Aarsland
Atle Heigre
Atle Johnsen Kverneland
Benedicte Hansen
Bjørg Cornelia Nordvall
Camilla Tjessem Wetteland
Cecile Tomlinson
Christoffer Harbo
Christoffer Norland
Eirk Løge
Elisa Møller
Elisabeth Rørtvedt
Elisabeth Ulvøy
Emma Haugland
Espen Bekkeheien
Frank Lyder Bredland
Gabriel Haga
Gabrielle Gjerde
Gjertrud Evje
Glen Larsen Gjesdal
Gunvor Lemvik
Hanne Schøld Sæterdal
Helena Reilstad
Henrik Fjermestad Lunde
Henrik Marcell Hobberstad Traa
Ida Gulliksen
Ida Husebø
Ingrid Asbjørnsen Rusdal
Jan Rune Hagen
Jesper Stokka Borsheim
Kariann Lending
Karoline Haga Kleiveland
Katrine Eide
Katrine Tynning
Kent Johan Pollestad
Kjetil Karlsen
Kjetil Salte Aasheim
Kjetil Storhaug
Krister Vigre Vølstad
Kristine Vigre Vølstad
Kristoffer Torvund Hansen
Kurt Ove Østerhus Morland
Lena Halleland
Lise Nesvik
Margrethe Tveita
Marius Lode
Merete Nybru
Nils Olai Egeland Stava
Olav Sigbjørnsen
Ole Jakob Vestre
Ole-Martin Welde
Paul Herman Ims
Pål Folkvord
Renate Fuglestad
Renate Undheim
Ruben Bakken
Ruben Edland
Ruben Elde
Serina Fuglestad
Silje L. Sviland
Silje Mathea Lundberg Jonassen
Solveig Sandland
Solvår Aasland
Sondre Myge Haugland
Stina Rosseland Skretting
Stine Larsen Hagen
Sunniva Bjellebø
Svein Nedrebø jr
Synnøve Espenes Fuglestad
Therese Rettedal
Thomas Andresen
Thomas Bjåstad
Tommy Helleberg
Tone Tegle
Tonje Malti Frøyland
Tonje Sevland
Tord Storhaug Auestad
Tore Klausen Fjetland
Torill Strand
Trond Skår
Trygve Vetrhus Nese
Trym Danielsen
Øyvind Salte

**Har du lyst til å være konfirmant i kirka i 2009?**
Det blir infomøte for neste års konfirmanter 2. april kl. 1700 i Bore kyrkje, kl. 1830 i Klepp kyrkje og kl. 1900 i Orre kyrkje. Medlemmer får innbydelse. Alle er velkommen.

# Kateketens hjørne

> Det er en kjempespennende vår og jeg har store forventninger til hva Gud vil gjøre dette semesteret!



Jeg vil si at vi har hatt en pangstart på det nye året! Selv om jeg var litt slækk i starten og sykdom herjet i familien har det nå gått over og ting ser mye lysere ut!

Vi har fullført Impuls og konf.weekend til Vier (les mer i bladet), ny konf.weekend til Liland og Godhetsdag (8. mars) står på trappene og det hele toppes med Chicagotur i midten av april. Det er en kjempespennende vår og jeg har store forventninger til hva Gud vil gjøre dette semesteret!

For det er en veldig spennende tid å være kateket i Klepp på. Jobben min er utfordrende og krevende, men utrolig givende! Jeg kommer i kontakt med så mange gode folk, som jeg ser Gud i. Det er kjempekult! Jeg er overbevist om at Jesus går sammen med oss og jeg tror ofte han viser seg gjennom mennesker vi treffer.

Vi som jobber mye med ungdom har sett en stor utvikling de siste årene. Ungdomsgudstjenestene Stresslezz har starta. Riktig nok ikke så ofte, men oppmøtet er bra og behovet er helt klart til stede. Både på UF på Klepp bedehus og på UG på Bore bedehus, drives det kjempebra ungdomsarbeid. De har Huskirker og møte annenhver helg. Med lovsangstema, dyktige møteledere, mye humor og god rekruttering i alle rekker er utsiktene meget gode. Oppleggene i kirka og på bedehuset går hånd i hånd. Hvorfor?

Jo, for i bunnen handler det om mennesker. Verdifulle personer som Gud elsker og som han ber oss ta hånd om. Verdifulle personer som må behandles med respekt og nestekjærlighet. Verdifulle personer som vi ønsker skal bli mer kjent med en Far som kun vil dem det beste.

Dette klarer ikke kirka eller bedehus alene, her må vi samarbeide og det gjør vi. For ungdomsarbeidenes største rekrutteringsarena er fra konfirmantarbeidet. Med et godt konfirmantarbeid, med gode ledere som har tid til å se konfirmantene, legges et godt grunnlag for at flere kan bli tatt vare på etter konfirmasjonen.

Vær med å be. Be for konfirmantarbeidet, be for alle de gode lederne, be for lederrekruttering og lederoppfølging. Be og for ungdomsarbeidene våre og for alle de voksne som er med og stabiliserer.

Vi lever i en spennende tid. Ha forventninger til Gud og be Han vise deg hva du skal be om!

Karsten

# KULTURKVELDS

## I BORE KYRKJE



## John G`s Dixi

Tekst: Elin Anita Garpestad.
Foto: Åge Mundal og Einar Egeland.

Ei godt besøkt kyrkje tok i mot John G`s Dixieband med store forventningar. Mange hadde høyrt dette bandet då det vart arrangert kyrkjekaffi i rådhuset i høve Hein Steinskog sin avskjed. Og bandet innfridde. Med fire flotte musikknummer slo dei an tonen for konserten. Det var melodiar med god rytme og fin samklang. Dei fekk seinare med seg vokalisten Linda Jørgensen som av og til gjestar bandet. Ho var absolutt med og løfta framføringa med si klare røyst. Særleg vil me framheva hennar tolking av ”His eye’s on the sparrow”.

Musikarane fekk og rikeleg høve til å visa kva dei er dugande til gjennom diverse soloinnslag på beste gladjazzvis. Det var ikkje vanskeleg å skjøna at dei fleste bandmedlemmane livnærer seg av musikken på eit eller anna vis.

Det swinga verkeleg denne kvelden i Bore kyrkje av ei musikkoppleving ein berre måtte bli i godt humør av. Og når ekstranummeret: ”Oh, when the saints...” lydde, var det til ståande trampeklapp frå tilhøyrarane.

Den gode og lette stemninga held seg langt inn i kveldsmaten i kyrkjestova etter konserten. Mange smil, godt drøs og høgt lydnivå prega måltidet.

Takk til komitèen som får tak i gode artistar med variasjon i stilartar til ”Kulturkveldsen”. Me gler oss til nye opplevingar.

eband




Det **SWINGA** verkeleg denne kvelden i Bore kyrkje av ei **MUSIKKOPPLEVING** ein berre måtte bli i **GODT HUMØR** av.





# Gudstenester

## KLEPP KYRKJE

(Alle gudstenester startar kl. 11.00 der anna ikkje er oppført)

**16.03.** Palmesøndag. Familiegudsteneste. Avslutning for dåpsskulen Dåp. Andreas Haarr. Laila Gravdal. 4-årsbibel. Barnekoret. Offer menighetsarbeidet

**20.03.** Skjærtorsdag. Gudsteneste kl. 1900. Nattverd. Andreas Haarr. Laila Gravdal. Liv Runesdatter.

**21.03.** Langfredag. Pasjonsgudsteneste. Andreas Haarr. Laila Gravdal. Petro Sokach, cello.

**23.03.** 1. påskedag. Høgtidsgudsteneste. Dåp. Andreas Haarr. Laila Gravdal. ProKor. Offer misjonsprosjektet.

**30.03.** Høgmesse. Nattverd. Jarle Minnesjord. Laila Gravdal. Offer Hvite bånd.

**06.04.** Kleppe bedehus 1030. Sølve Salte. Ove Byberg. Nattverd.

**13.04.** Høgmesse. Nattverd. Arne Berge. Laila Gravdal. Offer menighetsarbeidet

**20.04.** Myldremesse. Andreas Haarr. Laila Gravdal. Barnekoret. Amigos. 4-årsbibel. Offer Israelsmisjonen.

**27.04.** Konfirmasjonsgudsteneste. 1030 og 1230. Karsten Degnes. Laila Gravdal.

**04.05.** Konfirmasjonsgudsteneste. 1030 og 1230. Andreas Haarr. Laila Gravdal.

**11.05.** 1.pinsedag. Høgtidsgudsteneste. Dåp. Andreas Haarr. Laila Gravdal. Offer menighetsarbeidet

**12.05.** 2.pinsedag. Gudsteneste på Krosshaug. Offer Klepp st.kyrkjelyd.

**17.05.** Familiegudstenste. Andreas Haarr. Laila Gravdal. Speidarane deltek. Offer Kirkens Nødhjelp

**18.05.** Gudsteneste. Dåp. Andreas Haarr. Laila Gravdal. Offer menighetsarbeidet

## BORE KYRKJE

(Alle gudstenester startar kl. 11.00 der anna ikkje er oppført)

**20.03.** kl 19.00 Skjærtorsdag. Gudsteneste med nattverd. Åsmund Steinnes, Ove Byberg.

**21.03.** Langfredags-gudsteneste. Åsmund Steinnes, Ove Byberg.

**23.03.** Høgtidsgudsteneste påskedag. Åsmund Steinnes, Ove Byberg. Dåp. Offer: Kyrkjelyds-arbeidet

**30.03.** Ung messe. ”Håp” deltek. Nattverd. Åsmund Steinnes, Ove Byberg. Offer: Ungdomskoret ”Håp” Sundagsskule kl 11.15.

**06.04.** Gudsteneste med dåp. Åsmund Steinnes, Arne Hadland. Offer: ”Gå ut – senteret” Sundagsskule kl 11.15. NB! Årsmøte for Bore sokn like etter gudstenesta.

**13.04.** Kulturkvelds kl 19.00

**20.04.** Gudsteneste med nattverd. Speidarane deltek. Åsmund Steinnes, Ove Byberg. Offer: Speidararbeidet globalt ved KFUK-KFUM.

**27.04.** Gudsteneste med konfirmasjon. Åsmund Steinnes, Ove Byberg. Offer: Kyrkjelyds-arbeidet.

**03.05.** Gudsteneste med konfirmasjon. Karsten Degnes. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

**04.05.** kl 10.30 Gudsteneste med konfirmansjon. Karsten Degnes. Offer: Kirkens Bymisjon.

**04.05.** kl 12.30 Gudsteneste med konfirmansjon. Karsten Degnes. Offer: Kirkens Bymisjon.

**11.05.** Pinsedag. Høgtidsgudsteneste. Dåp. Åsmund Steinnes, Ove Byberg. Offer: Kyrkjelyds-arbeidet.

**17.05.** Familiegudsteneste. Åsmund Steinnes, Ove Byberg. Offer: Kirkens Nødhjelp.

**25.05.** Gudsteneste med nattverd. Jarle Minnesjord, Ove Byberg. Offer: Kyrkjelydsarbeidet. Sundagsskule kl 11.15.

**15.06.** Gudsteneste med dåp. Åsmund Steinnes. Offer: Misjonsprosjektet i Meiganga.

## ORRE KYRKJE

(Alle gudstenester startar kl. 11.00 der anna ikkje er oppført)

**16.03.** Palmesøndag. Gudsteneste. Dåp. Jarle Minnesjord. Arne Hadland.

**20.03.** Skjærtorsdag. Åsmund Steinnes. Arne Hadland.

**23.03.** 1.Påskedag. Høgtidsgudsteneste. Dåp. Jarle Minnesjord. Arne Hadland.

**06.04.** Høgmesse. Nattverd. Vikar. Arne Hadland.

**20.04.** Gudsteneste kl. 1900. Tema: Ekteskapet. Jarle Minnesjord. Arne Hadland.

**01.05.** Kristi himmelfartsdag. Orre gamle kyrkje. Gudsteneste. Dåp. Åsmund Steinnes. Arne Hadland.

**04.05.** Konfirmasjonsgudsteneste. Jarle Minnesjord. Arne Hadland.

**11.05.** Pinsedag. Høgtidsgudsteneste. Dåp. Jarle Minnesjord. Arne Hadland.

**17.05.** Familiegudsteneste. Jarle Minnesjord. Arne Hadland.

## KYRKJESKYSS



**Klepp Kyrkje:**
Ring Pauline Braut
tlf. 51 42 52 03

**Orre Kyrkje:**
Ring Astrid Voll
tlf. 51 42 87 49

**Frøyland - Orstad kyrkjelyd:**
Ring kontoret:
tlf. 51 42 65 21

# TEKSTANE

*Palmesøndag, 16.03:*
*Joh 12,12-24; 2 Mos 12,21-28; Hebr 2,14-18*

*Skjærtorsdag, 20.03:*
*Joh 13,1-15; Jes 53,1-5; 1 Kor 11,23-26[27-29]*

*Langfredag, 21.03:*
*Joh 18,1-19,30*

*Påskedag, 23.03:*
*Joh 20,1-10; Jes 25,8-9; Rom 6,9-11*

*1. s. e. påske, 30.03:*
*Joh 21,1-14; Sal 116,1-9; 1 Kor 15,12-21*

*2. s. e. påske, 06.04:*
** Sal 23; Hebr 13,20-21; Joh 21,15-19*

*3. s. e. påske, 13.04:*
*Joh 14,1-11; Sal 126; 2 Kor 4,14-18*

*4. s. e. påske, 20.04:*
*Joh 15,10-17; Jes 1,18-20; 1 Joh 4,10-16*

*5. s. e. påske, 27.04:*
*Matt 6,6-13; Dan 6,4-12; Rom 8,24-28*

*Kristi himmelfartsdag, 01.05:*
** T Hebr 2,5-9; Sal 110,1-4; Apg 1,1-11*

*6. s. e. påske, 04.05:*
*Joh 17,9-17; Sak 14,7-9; Ef 4,1-6*

*Pinseaften, 10.05:*
*Joh 7,37-39; Jes 55,1-3; 1 Kor 12,7-13*

*Pinsedag, 11.05:*
*Joh 14,15-21; Joel 3,1-2; Ef 2,17-22*

*Andre pinsedag, 12.05:*
*Joh 6,44-47; Esek 11,19-20; Apg 2,42-47*

*Treenighetssøndag, 18.05:*
*Matt 28,16-20; Jes 6,1-8; Tit 3,4-7*

*2. s. e. pinse, 25.05:*
*Luk 12,13-21; Fork 12,1-7; 1 Tim 6,6-12*

## KLEPP STASJON

(Alle gudstenester startar kl. 11.00 der anna ikkje er oppført)

**23.03.** Påskegudsteneste, Nattverd, Tema: Kraften i korset, m. Frode Helvig

**06.04.** kl 15.30, Gudsteneste, Temaserie: Abraham – en tjener, m. Sølve Salte

**20.04.** Gudsteneste m.nattverd Temaserie: Abraham – Et vitne m. Frode Helvig

Velkomen til Kraftgjengen: Barnas gudsteneste! Same tid, same stad: Engelsvoll skule

## FRØYLAND OG ORSTAD

**23.03.** Påskedag. kl. 10.30. ”Mens det ennå er mørkt.” Dåp. Takkoffer: Nytt kyrkjebygg.

**30.03.** kl. 10.30. Israelsmisjonens Kretsårsmøte. Gen. sekr. Rolf Gunnar Heitmann talar. Nattverd. Takkoffer: Den norske Israelsmisjon.

**13.04.** kl. 10.30 Ungdomsgudsteneste med konfirmantane. ”Korleis finn eg fram?” Takkoffer: Kyrkjelyden.

**20.04.** kl. 10.30 ”Abraham – ein bønas mann.” Dåp. Takkoffer: Misjon.

**27.04.** kl. 19.30 Sangkveld. Saman med Klepp stasjon kyrkjelyd.

**04.05.** kl. 10.30 KONFIRMASJON. Nytt kyrkjebygg.

**11.05.** 2. pinsedag. kl. 11.00 Krosshaug. Friluftsgudsteneste. Felles for alle kyrkjelydane i Klepp.

**17.05.** kl. 10.00 Orstad skule. Takkoffer: Amnesty.

**18.05.** Pilgrimsvandring frå Njå. Grunnsteinsnedlegging i den nye kyrkja kl. 15.00. Biskop Ernst Baasland. Takkoffer: Nytt kyrkjebygg.

**25.05.** kl. 10.30 ”Abraham – ein truas mann.” Dåp. Takkoffer: Kyrkjelyden.

# CHICAGO

## 5.- 14. april






reiser 25 ungdommer og 8 ledere fra menighetene våre til Chicago og Willow Creek

Vi er veldig takknemlig om du er med å støtter oss i bønn!

Om du vil være med å støtte oss økonomisk eller har noen spørsmål,

Kontakt Kateket Karsten Degnes


*To av stabens representanter på turen*

# STRESSLEZZ

**1. Juni i Klepp kyrkje kl 18.00.**

Etterpå drar vi på stranda!

4-årskonfirmanter (de som ble konfirmanter i 2005) er spesielt velkommen!

**NY STEINTØFF T-SKJORTE TIL SALGS!**

**"KLEKK STRESSLEZZ OPPTUR"**

**Finnes i svart, brun eller blå.**

**Kontakt kyrkjekontoret for å kjøpe din!**

# Weekend til Vaulali

**19. – 21. september 2008**



**Klepp kyrkjelyd arrangerer helgetur til Vaulali leirstad.**

**Merk deg tida nå.**
**Meir informasjon og påmelding kjem i neste nummer.**

Turkomitèen


Fra scenen.

impuls 2008

Tekst: Karsten Degnes, kateket

**For 8. gang ble det arrangert Impuls i Imi-kirken i Stavanger. Av de ca 3000 påmeldte var omtrent 100 stk fra Klepp! 50 av dem kjørte buss i regi av UG (Bore bedehus), en del kjørte privatbiler, mens 25 stk bodde i Tjensvoll kirke hele helga.**

Det er alltid en opplevelse å være på Impuls. Møtene er meget gjennomtenkte og seriøse. Multimediaen ligger helt i norgestoppen og er utrolig gjennomført! Talerne er meget dyktige på å snakke til ungdommer og temaene er satt sammen på en måte som gjør at den røde tråden blir klar og tydelig. Kort sagt: Det er en opplevelse, og vi er mange som gleder oss til neste år!

Impulsweekendene, som vi kaller opplegget for de som bodde i Tjensvoll kirke, innehold selvfølgelig Impuls, med møter, seminar, sosialt, kafé og konserter. På lørdag ettermiddag dro vi til byen og spiste pizza, her var det noen som farga håret og det ble jo fint... ☺

Høydepunktet for mange ble nok bønneseminaret på søndag formiddag. En jente og faren hennes hadde et kjempenært forhold til Gud som inspirerte oss. Vi ble utfordret på å lytte mer til Gud og til å spørre Han om hva vi skulle be om. Det ble sterkt for mange, for Gud svarte oss kjempekonkret. Vi opplevde at Gud gav oss ord, steder, bilder eller bibelvers, som passet perfekt for de ukjente som satt rundt oss.

Vi lærte mye på Impuls, men mest lærte vi nok at Gud er nærmere enn vi tror!


Johannes Byberg.


Kirsti og Kristin gjør Dolly Dimple.


Rosa, Lina og Sigrid på busstur.

# Årsrapport 2007

## KLEPP KYRKJELEGE FELLESRÅD

### GENERELT

Året 2007 har vore eit **svært aktivt år for kyrkjene i Klepp** og medlemstalet har vore stabilt.
I 2007 var det **206 gudstenester.** Av desse var 150 i kyrkjene, dei andre var på Engelsvoll skule og i samfunnshuset på Frøyland.
I løpet av ein månad, utanom sommarferien, var det 14 gudstenester i Klepp sokna. I løpet av 2007 har det vore 221 døypte, 254 konfirmantar, 59 vigsler og 72 grav- ferder. Desse tala viser at **mange søkjer til kyrkjene og til samlingane**. Utanom vigsel og gravferd har det vore omlag 21000 personar til gudstenester.
Det er omlag **750 frivillige** som er med på å arrangera alt frå gudstenester til dugnad av ymse slag. Totalt er det 4,9 årsverk tilsette på innsamla midlar.
I 2007 hadde Klepp kyrkjelege fellesråd 6 møter. Det vart i alt handsama 46 saker.
Hilde Kraggerud vart i haust valt til kommunen sin representant i fellesrådet etter Ruth Thu.

### ADMINISTRASJONEN/ STABEN

I staben på kyrkjekontoret har det dette året vore ein del endringar.
Fellesrådet har tilsett ny kyrkjeverje. Per Gaute Liland tok over etter Johannes Byberg som pensjonerte seg. Ketil Terning vart tilsett som kyrkjetenar etter Mildar Time som også pensjonerte seg. Ingelin Hatteland Norbakken har blitt tilsett som diakon i 50% stilling. Ho skal vere vikar for Kjellaug Marie Steinskog, som skal ha eit års permisjon. Maria Johansen begynte som eittåring.
Hein Steinskog slutta etter over 30 år som prest og Åsmund Steinnes begynte som sokneprest i Bore. I Orre sokn begynte Jarle Minnesjord dette året som prest. I staben på Frøyland og Orstad har det også vore nokre endringar. Hildegunn Undheim, barne- og ungdomsarbeidar, tok over etter Helga Fykse, som har slutta. Marie Grastveit, adm.leiar, tok over etter Oddny Hetland som har slutta. Arnt Askildsen begynte som sokneprest etter Morgan Fjelde, som slutta. Anders Ueland har begynt som eittåring og Steinar Severson begynte som sivilarbeidar.

### BARNEARBEIDET

**Dåpsskule** er eit tilbod som blir gitt til 6-7 åringar i Klepp-sokna. Kvar samling har eit tema som går igjen i bibelforteljing og aktivitet. Målet er at borna skal lære meir om Gud og kva dei er døypte til. Opplegget har som byggjesteinar dei fire orda: sjå, gjere, høyre og smake. Kvar samling har aktivitetar knyta til desse fire stikkorda. I 2007 hadde vi dåpsskule for Bore og Vasshus, Tu og Horpestad, Orre, Engelsvoll og før jul for Kleppe. Til saman deltok **73 born** på dåpsskule.

### KONFIRMANT- OG UNGDOMSARBEIDET

I "konfirmantåret" 2006/2007 blei det konfirmert **254 konfirmantar** i heile Klepp prestegjeld. Dette er 83 % av alle døypte 14-åringar. Det blei arrangert 5 konfirmanthelger og 11 konfirmasjons- gudstenester.
I Frøyland og Orstad er det eit eige ungdomsarbeid kalla **Fokus** og på desse møta/ gudstenestene kjem i snitt 100 ungdommar.
På Klepp er det leiartreningskurset **Klekk**, for fjorårs- konfirmantar. Her er det med 25 personar.
Det er mange leiarar med i konfirmantarbeidet, og totalt var det 40 leiarar som deltok i leiartenesta i løpet av året. Tre gonger i haust arrangerte vi **"godhetsdager"**, der ungdommar reiste heim til folk og hjelpte dei med det dei måtte trenge, heilt gratis.

### DIAKONALT ARBEID

Ein gong i månaden har diakonen ansvar for **"torsdagstreffen"** for menneske med utviklings- hemming. Her er stabilt oppmøte og dette er eit særs viktig tiltak. Omsorg-/ samtalegrupper til etterletne og sørgjande vert drive som tidlegare år i samarbeid mellom kommunane Time, Hå, Sola og Sandnes. Tilboda til dei eldre er månadlege møter på Kleppetun, eldrefest og eldretur ein gong i året og andaktar på institusjonane.
Kvart år arrangerer diakoniutvalet **temakveld,** i år med forfattar Edvard Hoem.
**Bønearbeidet** held fram som tidlegare blant enkeltpersonar og i grupper.
Den årlege **fasteaksjonen** er eit samarbeid mellom diakon, kateket og kyrkjelydane.
I kyrkjelydane er det tilbod om **fellesskapsgrupper/husfellesskap.**
Diakonen var også med også på nokre **gudstenester** dette året.

## **BORE** SOKN

Aktiviteten i Bore sokn er stor. Det er mykje som skjer og mykje som blir lagt merke til. Aktivitetar som er verdt å nemna er det populære arrangementet **"Kulturkvelds"**.
Det er eit arrangement med stor oppslutnad og som gjer kyrkja kjent utover soknegrensene. I 2007 hadde "Kulturkvelds" besøk av fleire lokale kjente aktørar, mellom anna Jæren symfoniorkester.
I soknet vert det arbeida med å få **utvida kapasiteten** til Bore kyrkje. Det er for få sitjeplassar og det vert planlagt ei utvidinga av kyrkja og eit påbygg i forlenginga av inngangspartiet. I 2007 blei det utarbeida planar for dette, men det, er ein prosess som tar lang tid og planlegginga held fram i 2008. I mellomtida planlegg ein overføring av lyd og bilete frå kyrkjesal til kyrkjelydsalen. Utsletne trekk på stolar og benkeputer i kyrkjesal vart skifta ut med nye trekk dette året.

## **FRØYLAND OG ORSTAD** SOKN

2007 har vore eit **innhaldsrikt år** for kyrkjelyden på Frøyland og Orstad. Konfirmasjonsgudstenesta i Frøyhallen var eit høgdepunkt med over 1200 feststemte menneske.
**Arbeidet blant tenåringar og ungdommar** er med og set dagsorden i bygda. Det er oppmuntrande å sjå korleis arbeidet som er felles for begge kommunane er med på å sveise saman ungdommane. **Gudstenestedeltakinga** er merka av kapasiteten på samfunnshuset. Der er det stor frivillig innsats, både blant ungdommar og vaksne.
Kyrkjelyden er også i gang med **kyrkjebygging**. Gravearbeidet kom skikkeleg i gang på vårparten. I september starta betongarbeidet og byggjekrana vart eit synleg teikn over heile bygda på at arbeidet var i gang. Kyrkjelyden har ansvar for ein vesentleg del av finansieringa. Målet for 2007 var sett til kr 1,5 mill. Sluttsummen vart over kr 1,6 mill. Det er til nå totalt samla inn over kr 6,5 mill. I november vart alle husstandane i området besøkte med oppfordring om å vere med på å byggje kyrkje, med praktisk arbeid så vel som med økonomiske midlar. Dette var med å prega innsamlingsresultatet for året. Det er nå meir enn 200 namn på lista over folk som er klar til å være med på praktisk kyrkjebygging.

## **KLEPP** SOKN

Arbeidet med kyrkjelydsalen vart ferdig og arbeidet med oppussing av kjellarroma under kyrkjelyd- salen held fram med mykje **dugnadsarbeid**. Det er mange aktivitetar i Klepp sokn. Det har ført til at Klepp sokneråd har fått på plass ein **eittåring** som jobbar mot born og unge i kyrkjelyden. I Klepp kyrkje driv ein med **barnearbeid parallelt med gudstenestene.** Det er eit ynskje at dei største borna kan få nytta dei ny-oppussa romma i kjellaren. I Klepp sokn er det behov for ny kyrkje. Ved fleire ulike arrangement viser det seg at kyrkja er for liten. Det er derfor lagt **planar om å byggje ei ny kyrkje** i soknet. Det inneber også ny gravplass. Ein eigen komite arbeidar med å skaffe høveleg tomt.

## **KLEPP STASJON** KYRKJELYD

Klepp stasjon kyrkjelyd vert kalla ein **områdekyrkjelyd** i Klepp sokn. Gudstenesta og celle- gruppene er dei berande elementa. I dag er det 45 personar med i dei 6 gruppene, og annankvar sundag samlast nå i snitt 90 personar til gudsteneste på Engelsvoll skule. Mange er involverte i førebuing og gjennomføring gudstenestene. **Kraftgjengen** har mellom 40 og 50 born på borna si gudsteneste. Ved å vere sjølvfinansiert får folk dei ei sterk eigar kjensle til kyrkjelyden. Ved byrjinga av året var startkapitalen som var bygd opp med hjelp av Frøyland og Orstad Kyrkjelyd og Det Norske Misjonsselskap, brukt opp. **Gjevartenesta** er nå komen opp på eit nivå som gjer at rekneskapet går i balanse i 2007. Stasjonsbygningen er kyrkjelyden sitt kontor og samlingsstad. Nytt i år var at vi også leiger stasjonsmeisterhusværet i 2. etasje og her er det nå eit kristent bufellesskap for studentar.

## **ORRE** SOKN

Orre kyrkje har ikkje kyrkjelydsal og det har difor blitt kjøpt inn 40 stolar og 6 bord som står bak i kyrkja der dei to bakarste benkene er tatt ut. Soknerådet i Orre har lenge peika på at **lydanlegget og kyrkjeorgelet i Orre er i dårleg stand.** Lydanlegget fell heilt ut til tider. Ein komite jobbar med å få støtte og finansiering til eit nytt lydanlegg. Nytt orgel tek lengre tid å få på plass, men det jobbast for at også dette skal bli realisert. Orre sokn har også fått tildelt ein **kyrkjelydsprestestilling i 50 %**, basert på gjevartenesta i sokna Klepp, Bore og Orre. Denne prestestillinga har først og fremst arbeidet retta mot gudstenester og konfirmantar i Orre. Det har også i løpet av 2007 blitt starta opp eit **barnekor** i Orre. Orre gamle kyrkje forfell både utvendig og innvendig. **Behovet er stort for å renovere kyrkja**. I haust har det vore synfaring i kyrkja der representantar både frå bispedømme, riksantikvar, museum, kommune og handverkarar har tatt del. For det vidare arbeidet med renoveringa er det utarbeida tilstandskartlegging og restaureringsplan med kalkyle.

## **ØKONOMI**

Året 2007 har vore å rekna som eit **normalt driftsår med stram økonomi.** Vedlikehaldet av kyrkjene har også dette året vore prioritert i den grad økonomien har gitt rom for dette. Kyrkjene treng meir omfattande utvendig vedlikehald og det må setjast av pengar til dette i neste budsjett. Kyrkje-gardane er godt vedlikehaldne. Rekneskapet for 2007 er enno ikkje ferdig, men driftsresultatet for fellesrådet ser ut til å bli omlag kr 0.

**Alf M Anda, leiar fellesrådet**
**Per Gaute Liland, kyrkjeverje**

# MØTE



## Kleppe bedehus

02.03. GpB kl. 10.30. Bedehustyret/ Soknerådet
09.03. Fokus kl. 10.00. Fokus
09.03. Årsfest soknerådet. Soknerådet
16.03. (palmesøndag). Normisjon kl. 19.00. Normisjon
23.03. (1. påskedag) Fokus. Fokus
24.03. (2 påskedag) NLM kl. 19.00. NLM
28.03. (fredag) Vårbasar for bedehuset. Bedehuset/Basarkomite
30.03. IMF kl. 19.00. IMF
06.04. GpB kl. 10.30. Bedehustyret/ Soknerådet
13.04. Fokus kl. 10.00. Fokus
13.04. NMS kl. 19.00. NMS
20.04. Storsamling kl. 18.00. Bedehuset/Storsamling
27.04. Fokus kl. 10.00. Fokus
27.04. Israelmisjonen kl. 19.00. Israelsmisjonen
01.05. 1 mai møte Vardevakt for Bibelen
04.05. NLM kl. 19.00. NLM
11.05. (1. pinsedag) Fokus kl. 10.00. Fokus
12.05. (2. pinsedag) Normisjon kl 19.00. Normisjon
18.05. NLM kl. 19.00. NLM
25.05. Fokus kl. 10.00. Fokus
25.05. Kristen Muslimmisjon kl. 19. Kristen Muslimmisjon
01.06. Kretsmøte Sjømannskirken. Sjømannskirken,
08.06. Fokus kl. 10.00. Fokus
08.06. NLM kl. 19.00. NLM
15.06. IMF kl. 19.00. IMF

UF datoer 5/1, 19/1, 2/2, 16/2, 1/3, 15/3, 29/3, 12/4, 26/4, 10/5, 24/5, 7/6

Eldretreff 4/1, 1/ 2, 7/3, 4/4, 2/5, 6/6

Torsdagsmøte 3/1, 10/1, 17/1, 24/1, 31/1, 7/2, 14/2, 21/2, 28/2, 6/3, 13/3, 20/3, 27/3, 3/4, 10/4, 17/4, 24/4, 1/5, 8/5, 15/5, 22/5, 29/5, 5/6, 12/6, 19/6, 26/6.

## Bore bedehus

13.03. Torsdagsskulen, Sele, 19:30
16.03. Kristen Muslimmisjon, 19:00
20.03. Nattverdmøte, 19:30
24.03. Påskefest, 18:00
27.03. NLM - basar, 19:30
30.03. NMS, 19:00

03.04. Damenes aften, 19:00
06.04. Søndagsskule, 10:00
10.04. Torsdagsskulen, Voll, 19:30
13.04. Søndagstreffen, 11:00
13.04. Norea møte, 19:00
15.04. Dugnad, 18:00
17.04. Medlemsmøte, 19:00
18.04. Ungdomsgruppa, 20:00
20.04. Søndagsskulen, 10:00
20.04. Kveldstreffen + ImF, 18:00
24.04. Torsdagsskulen, Bore, 19:30

04.05. Søndagsskulen, ute, 10:00
08.05. Torsdagsskulen, Sele, 19:30
15.05. Torsdagsskulen, Bore, 19:30
17.05. Nasjonalfest, 18:00
18.05. Norsk Samemisjon, 19:00
22.05. Misjonsmøte, NLM, 19:30
25.05. Søndagsskuletur, 10:00
25.05. Kveldstreffen, 18:00

## Torsdagsskulen

(kl. 19:30)

13.03. Kjetil Vada. ”han gjekk den tunge vegen opp til Jerusalem.” Sele.

10.04. Geir Tore Salmelid. ”1.Tim. 2.del.” Voll.

24.04. Arne Monsen. ”Med augo festa på Jesus.” Bore.

08.05. Einar Tjørn. ”Efeserbrevet, siste del.” Sele.

15.05. Åsmund Steinnes. ”Kom Jesus Kristus i hug. 2. Tim. 2.del. Bore

29.05. Åsmund Steinnes. ”I dei siste dagar. 2. Tim. 2.del. Voll.

## Bethania klepp stasjon

13.03. Kveldsbønn 2030
16.03. Formiddagsmøte 1100
21.03. Påskemøte 1930
24.03. Påskemøte 1800
27.03. Kveldstrekning NMS kvinneforening
30.03. Møteuke NLM. Terje Thorsen Møteuke 1.-6.april
06.04. Søndagssamling NLM 1600
10.04. Kveldsbønn 20.30
13.04. Formiddagsmøte 1100
16.04. Vårbibelkurs 2000
17.04. Kveldsbønn 2030
20.04. Møte IMF 1800
23.04. Vårbibelkurs 2000
24.04. Kveldsbønn 2030
30.04. Vårbibelkurs 2000
01.05. Kveldsbønn 2030
04.05. Søndagsskoletur avreise kl 1000
07.05. Vårbibelkurs 2000
08.05. Kveldsbønn 2030
12.05. Formiddagsmøte 1100 NLM
15.05. Kveldsbønn 2030
18.05. Møte NMS 1800
22.05. Kveldsbønn 2030
25.05. IMF 1800
29.05. Kveldsbønn 2030



# Program for barnekor i Orre kyrkje våren 2008



13. mars kl. 17.00-45 Øvelse
23. mars Synge kl. 11.00 i Orre kyrkje
27. mars kl. 17.00-45 Øvelse
24. april kl. 17.00-45 Øvelse
08. mai kl. 17.00-45 Øvelse
11. mai Synge kl. 11.00 i Orre kyrkje
22. mai kl. 17.00-45 Sommeravslutning

# Pilegrimsvandring 2. påskedag

Vi startar vandringa med ein kort pilegrimsgudsteneste i Stefanuskyrkja på Nærland kl. 13.30.
Så går turen frå Nærland til den gamle Kristkrossen på Njærheim. Dei som ønskjer det kan gå vidare til Varhaug gamle kyrkjegard.



# Foreiningar og Lag

**Verdalen Normisjonsforening** har møte hos Åsa Kvinnesland tirsdag 25. mars og hos Torill bøen mandag 21. april kl. 1930.

**Kleppe eldre kvinneforening** har møte i menighetssalen i Klepp kyrkje andre mandag kvar månad. På grunn av pinse vert det møte 5. mai. Ikkje møter i juli og desember.

**Klepp pensjonistlag** har møte på rådhuset 27. mars og 17. april. Sjå annonse i Jærbladet.

Korleis har du det...
EIGENTLEG?
Krisetelefon 815 33 300
Epost-teneste: www.kirkens-sos.no
Kirkens SOS
EIT MENNESKE Å PRATE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

Krogedal Begravelsesbyrå
KB
DØGNVAKT
51 42 78 00

# Klepp kommune

Besøksadresse: Solavegen 1
Postboks 25
4358 Kleppe
Heimeside: http:/www.klepp.kommune.no
E-post adresse: postmottak@klepp.kommune.no

## KLEPP RÅDHUS

**Sentralbord/fellesekspedisjon**
***Kontortid: kl 07.40 - 15.10***
**Telefon: .................... 51 42 98 00**
**Telefaks: .................... 51 42 98 22**

*Trappefri adkomst.*

**<u>Her finn du:</u>**

***1. etasje:***

- **Sentraladministrasjonen**
  **Ekspedisjon: .................... 51 42 98 00**
  *Ordførar, rådmann,*
  *informasjonsteneste,*
  *personal- og organisasjonssjef,*
  *politisk sekretariat,*
  *sentralarkiv,*
  *sysselsettingsleiar,*
  *økonomi- og skatteavdeling.*

- **Klepp bibliotek**
  **Ekspedisjon: .................... 51 42 98 70**
  ***Opningstider**:*
  *Mån, tys, ons, tors, kl 1000 - 1900*
  *Fredag kl 1000 - 1500*
  *Laurdag - 1000-1400*

***2. etasje:***

- **Etat for lokal utvikling**
  **Ekspedisjon: .................... 51 42 97 50**
  *Etatskontor for teknisk,*
  *landbruk,*
  *eigedom,*
  *park, kultur og fritid.*

- **Etat for skule og barnehage**
  **Ekspedisjon: .................... 51 42 97 30**
  *Etatskontor og PPT-teneste.*

## LEGESENTRA I KLEPP

*Opningstid: måndag-fredag kl 08.00-15.00*

**Kleppetunet legesenter.................... 51 78 61 00**
Kleppetunet

**Klepp legesenter.................... 51 78 50 00**
Kleppheimen

**Orstad legesenter .................... 51 78 98 60**
Orstadvegen 191

**Krossen legekontor .................... 51 78 95 95**
Kleppelundsvegen 15

**Legevakta .................... 51 42 99 99**
Kleppetunet, Olav Hålands veg 2

*Opningstid: kl. kl 1500-2300*
*Brannstasjonen på Sandnes, Jærv 107 - kl 2300-0800*

## KLEPPETUNET

Kleppetunet - trappefri adkomst
Olav Hålands veg 2-6

**Servicetorg/Sentralbord**
***Kontortid: kl 07.40 - 15.10***
**Telefon: .................... 51 42 99 00**
**Telefax: .................... 51 42 99 01**

**<u>Her finn du:</u>**

- **Etatskontor for helse/sosial**
  **Kommunalsjef**
  **Kommuneoverlege**

- **Avdeling for sosial- og barnevernstenester**

- **Avdeling for heimetenester**

- **Kafeteria: .................... 51 42 96 91**

- **Klepp helsestasjon.................... 51 42 99 60**
  *Mellom kl. 08.00- 11.30*
  *Open helsestasjon utan avtale: mån og fre frå 12.00 - 13.00.*
  *Elles etter timeavtale.*

  **Helsestasjon for ungdom:**
  *Kontortid: Tysdag kl 14.30-16.30*

- **Orre helsestasjon .................... 51 42 87 02/**
  Pollestadvegen 321 **51 42 99 60**
  *Kontortid: Tysdag kl 08.30-11.00*
  *Torsdag 12.30 -15.00*

- **Orstad helsestasjon .................... 51 78 98 65/**
  Orstadv 191 **51 42 99 60**
  **Open helsestasjon utan avtale:**
  *Tysdag kl 12.30-14.00. Elles etter avtale.*

  **Reisevaksinering***: Timebest.: kl 11.30-12.00*

## KLEPPHEIMEN

Prestevegen 12

**Sentralbord/ Ekspedisjon .................... 51 42 96 00**
*2. etasje* **.................... 51 42 96 17**
*3. etasje* **.................... 51 42 96 22**

**Bukollektivet .................... 51 42 96 92**
Kleppetunet, Olav Hålandsvein. 6

# KLEPP FRIVILLIGHETSSENTRAL

Kontoret finn du i midtfløyen på Fredheim, i 1 etasje. Opningstida er frå kl 9 til 14 måndag til fredag.
**Har du tid, interesser og evner som du har lyst til å dela med andre menneske?**
**Klepp Frivillighetssentral tilbyr deg varierte utfordringar. Du avgjer sjølv kor mykje tid du har, og om og kva som passar for deg. Du veit best sjølv kva du vil delta på. Me kan seie noko om kor innsatsen trengst, slik at du kan velje det som passar deg.**
**Me inviterer deg til ein samtale om dette. Ta kontakt med Klepp frivillighetssentral på tlf. 51 42 96 40.**

**Bli leseombud**
Me les for å få kunnskap, innsikt og inspirasjon. Noen greier ikkje å lesa sjølv, men dei får lesegleda – av deg. Alle kan vere leseombud. Dette er eit nytt prosjekt kor me arbeidar saman med Klepp bibliotek. Dei hjelpar deg til å finna tilrettelagt litteratur. Du les for ei lita gruppe eller for ein om gongen. Det er opp til deg kor ofte du vil lesa. Opplæring vert gitt. Ta kontakt med Frivillighetssentralen om du vil vere med som leseombud.

**Besøksvenn/Turvenn:**
**Me trenger fleire frivillige som ønsker å vere besøksvenn eller turvenn**
Besøksvennene er til hjelp og støtte for eldre, unge, einslege som opplever isolasjon og personer med psykiske lidingar.

Det er mange som ønsker noen å dela gleder og sorger med. Me får ofte kontakt med menneske som ønsker støtte og oppmuntring i kvardagen. Som besøksvenn får du kontakt med menneske som av ulike grunnar ønsker noen å snakke med. Besøksvennene går på besøk, samtalar med dei, går tur eller andre aktivitetar som begge set pris på. Ta kontakt med Frivillighetssentralen.

**Treng du eller ein av dine nærmaste ein besøksvenn?**
Besøksvennen kjem heim til deg og tek ein prat. Det spelar inga rolle om du er ung eller gammal, om du bur heime eller på institusjon. Ta kontakt med Frivillighetssentralen.

**Har du lyst til å lære noe nytt – bli Flyktningekontakt**
Kan du tenke deg å gje litt av tida di for å gje flyktningar som nett har kome til Klepp ein betre start i kommunen. Har du tid og menneskeleg overskott til å hjelpe nye innbyggarar om livet og samfunnet her i landet. Da ønsker vi at du tek kontakt med Frivillighetssentralen for ein samtale med oss.

**Frukosthjelp på Kleppheimen**
To gonger i veka frå kl. 8.00 til 9.30 hjelper frivillige frå Klepp til med å lage frukost på Kleppheimen. Du hjelper dei eldre med å eta frukost og gjere starten på dagen god. Vi treng fleire til dette arbeidet. Vil du vere med, ta kontakt med Frivillighetssentralen.

**”Høyr Her” tenesta**
**På Frivillighetssentralen**. ”Høyr-Her” treff denne våren vert onsdag 30. januar, 27. februar, 26. mars, 30. april, 28. mai og 25. juni Tidspunkt: kl 1230 – ca. 1 time.
**På Kleppetunet (kafeteriaen i samband med ”Syng med oss” )**
”Høyr her” treffa denne våren: torsdag 3. januar, 7. februar, 6. mars, 3. april, 8.mai og 5. juni. Kl. 1700 til kl 1800. Dette er ein grei måte å få råd og praktisk hjelp i samband med bruk av høyreapparat. Sal av batteri.

**Frivillighetssentralen låner ut stolar for babyer:**
- Babystoler for bruk i bil – (opp til 1år) samt nett for bag.
- Mobil teleslynge

Utstyret kan tingast og leigast på Frivillighetssentralen i tlf 51 42 96 40. Ordninga er et samarbeid mellom Klepp Sparebank og Frivillighetssentralen

**Form og farge gruppe for heimeverande kvinner**
Me har ei gruppe som driv med hobbyarbeid kvar onsdag frå kl. 10 –12. Me lagar ting, støyper lys, målar, brukar veven, og prøver ut nye teknikkar. Me har sosialt samvær og på fine dagar tek me oss ein tur ut. Me ønskjer fleire deltakarar. Interessert? Ring Frivillighetssentralen 51 42 96 40 og dei vil gje meir informasjon.

**Lørdagslaget på Klepp stasjon**
Neste treff vert laurdag 1. mars, 5. april og 3. mai kl 13 til kl 15. Du er velkommen. Kontaktperson: Kristoffer Jaarvik i tlf 51 42 39 59.

**Bore samfunnshus – eldremiddag**
Bore samfunnshus arrangerer dei neste middagskafeane måndag kl. 11.30, 31. mars, 28. april og 26. mai. Påmelding Else Sveinsvoll tlf 51 42 03 04 eller til Torny Horpestad 51 42 04 92. Alle er hjerteleg velkommen.

**Orre samfunnshus – eldremiddag**
Dei neste treffa kl 11.30 torsdag 3. april og tur 30. april til Borgøy. Påmelding i god tid til kontaktperson: Emmy Erga tlf 51 42 86 21.

**Tirsdagsklubben Orstad**
Tirsdagsklubben sine neste treff vert 1. april, 6. mai besøker vi Øksnevad Jordbruksskule, Tirsdag 9. juni blir det tur til Hidra. Treffa er frå kl 13 til kl 15. Alle er velkomne. Kontaktperson er Tordis Byberg – tlf 51 42 14 08 / 980 58 377.

## FREDHEIM
Me minner om middagsservering kvar onsdag kl 1200. Alle er hjarteleg velkommen. Dei som ønskjer litt trim, kan stille opp kl. 10.30 – så ruslar me ein tur før middagen. Påmelding/info til Anne Marie Øvregaard tlf 51 42 11 36 eller til Frivillighetssentralen i tlf 51 42 96 40/41.

**Tirsdagstreff**
**Vi inviterer til hyggesamvær kvar tirsdag ettermiddag kl. 1400**
I samarbeid med andre lag og organisasjonar inviterer me til tirsdagstreff på Stova kvar tirsdag kl. 14.00 – 16.00. Trim på Loftet i etterkant av programmet i Stova.

## BLI MED!
Fritid og kultur 2008.
Den 5. april arrangerer Klepp kommune, i samarbeid med frivillige lag og organisasjoner, en stor fritidsdag i Klepphallen.
Bli kjent med det fantastiske mangfoldet vi har av aktiviteter for store og små. Her vil en få informasjon samtidig som en har mulighet til å prøve ut ulike aktiviteter. Det blir kafè og underholdning.
Alle er hjertelig velkommen!!

**FULLMÅNEKONSERT PÅ FRILUFTSHUSET**
20. april Nancy Kerr & James Fagan
20. mai Guy Davis
for meir informasjon sjå www.klepp.kommune.no - kultur, idrett og fritid.

## SMÅJOBBSENTRALEN
Ungdommer fra 9. klasse til 18 år ønsker å hjelpe deg på fritiden.

Vi tar på oss enkelt oppdrag og faste oppdrag som går over tid.

Vi liker å hjelpe deg med inne og ute-arbeid, opprydding, bilvask, dyrepass og ellers forefallende arbeid som du måtte trenge hjelp med. Timepris kroner 60.

Vi har også flinke BARNEPASSERE i småjobbsentralen. Timepris kroner 50, uansett antall barn.

Ta kontakt med Mai Ragnhild Svendsen for nærmere informasjon
Tlf: 51 42 96 42
Fredheimsbygget 1. etasje.

Kverneland Elektriske a·s
Bedriftsv. 9, 4353 Klepp st. • Org.nr. NO 980 416 208
TLF. 51 78 91 00 • FAX 51 78 91 01

Angus Håland Kjøtt
KVALITET OG KUNNSKAP
Kleppe - Tlf: 51 78 69 50
www.haland-kjott.no

Stavanger Aftenblad
– nyttig hver dag

Byggmester
Arnfinn Tveita
Rishagen 20, 4352 Kleppe
Tlf. 51 42 54 76

Salg av ved!
60 liter-sekk og pall. Levering kan ordnes.
Leif Harbo Maskinstasjon
Fjogstadv. 105, 4352 Kleppe, 95031724.



«Bank kan jeg få hvor som helst, men Reiar gjør det enkelt og greit for meg. »

KLEPP SPAREBANK

MOI A/S

Klepp Installasjon as
Arve Braut. Jærvn. 540, 4358 Kleppe – Tlf. 51 78 94 50
EKSPERT - ELEKTROMARKED
elfag expert

Urmaker
Odd Magne Håland & Co
Jærveien 504, 4352 Kleppe
Tlf. 51 42 52 62

Klepp Fotklinikk
Kari Tjåland Sandvik
Offentlig godkjent fotterapeut
Kjelvene 31, 4352 Kleppe
Tlf. 51 42 56 46

Malm Orstad as
hydraulikk – maskinering

Hodne Gartneri as
Kalanchoë QUEEN
Lars Tjøttasvei 41
4340 BRYNE
NORWAY
Tel: (-47-) 51426225
Mob: (-47-) 91585828
Fax: (-47-) 51426207
e-post: hgartner@online.no

Hatteland Elektriske AS
Autorisert El-installatør
Tlf. 51 42 14 40
Fax: 51 42 14 41

coop klepp

TINE
TINE Meieriet Sør

HOFF
Hoff Norske Potetindustrier Jæren AL

Braut Planteskule
PLANTESENTER OG BLOMSTERBUTIKK
Jærveien 559, 4352 Kleppe. Tlf. 51 42 13 55

Klepp Auto Bilverksted A/S
Jærvegen, 4352 Kleppe • Tlf. 51 78 60 60 • Fax 51 78 60 70
Godkjent for EU-kontroll

Bryne Begravelsesbyrå A/S
Døgnvakt: 51 77 80 80

Spesialbutikken i interiør • Tepper • Tapet • Malere
Golvbelegg • Maling • Golvleggere
Tlf. 51 42 19 44 i Klepp Handelslag
Bo Bedre Bygg Miljø A/S

Jæren Data
Vigdelsveien 640, 4054 Tjelta - Jærveien 504, 4352 Klepp

Koinonia
KOINONIA BOK OG MUSIKK
Storgata 36, 4340 Bryne – Tlf 51 48 65 20 – Faks 51 42 32 45

BRYNE RØR A/S
Skulegata 9, 4340 Bryne
Tlf: 51 77 82 00 Fax: 51 77 82 11
Internett: www.bryneror.no
E-mail: post@bryneror.no

GRUDE BYGG
NYBYGG PÅBYGG REPARASJONER
Klepp Stasjon • Mob. 908 32 061 • Tlf. 51 42 61 50

Sele Auto A/S
Tlf. 51 42 32 73 Selev. 4, 4345 Voll

# DØYPTE

KLEPP

02.12.2007
Mie Helland Eskeland
Adrian Pettersen
Erik Swift
Anna Ueland
09.12.2007
Oda Sofie Hagetun Bore
Vetle Engelsvoll
Philip Loddervik Kristiansen
Tobias Reppen Rosland
25.12.2007
Sina Marie Malmin

01.01.
Zia Alexa Veiby-Da Cunha
13.01.
Simen Lea Djøseland
Ole Eriksen
Jørgen Soma Høyland
Inga Bergøy Miljeteig
Ådne Kristiansen Nordås
Noah Thu
Jard Vintervold
Amalie Aanensen
27.01.
Siril Friestad
Marielle Granberg
Clement Aasmann Størksen
Tabita Maria Størksen
Anine Tingvik
Stine Vestly
Ingrid Aasland
10.02.
Alexander Bjering
Sara Dyskeland Hodne
17.02.
Bertine Lima Horpestad

ORRE

06.01.
Tobias Lode
03.02.2008
Birk André Erga

BORE

06.01.
Inga Jiang Eriksen
Leah Hadland
03.02.
Susanne Kaspersen Weseth
17.02.
Sverre Bjerre
Christoffer Salte Tegle

FRØYLAD OG ORSTAD

20.01.
Sivert Alme

# VIGDE

BORE

02.02.
Cecilie Stene og Simon Lunde

# GRAVLAGDE

KLEPP

16.01. Anders O. Salte
18.01. Kari Tomine Dahlstrøm
30.01. Olav Halleland
01.02. Ruth Amdal
06.02. Knut Kleppe
07.02. Laurits Storhaug
15.02. Margit Kro

BORE

11.01. Sigurd Olav Lende

FULL DISTRIBUSJON

*Andakt av Anne-Sofie Haar*

# PÅSKEHILSEN FRA PROSTEN

Det har nettopp vært jul, - og så plutselig er det påske!  Det har blitt så alt for kort tid til forberedelser. Påsken kommer jo så tidlig i år! Jeg tenker ikke på alt jeg skulle ha bakt og lagt i fryseren, - eller vasking i huset. Nei, jeg tenker på prioriteringene mine, - tiden som jeg skulle ha brukt til å være stille og lytte. I all min travelhet er det en som vil meg noe, men han snakker ikke høyt. Hans stemme er som oftest så svak at jeg må være ganske stille for å høre noe som helst.

I fastetiden før påske er det fint å prøve å fange opp signalene som han sender, han som har skapt oss. Han har utstyrt oss med et mottakssenter, slik at han kan ha forbindelse med oss.  Vi kan sende signaler også. Jeg har hørt om sendere som plutselig har blitt tatt i bruk etter å ha vært ute av drift i årevis. Det kom en krise i livet, - og anrop peilet seg inn mot Gud.

Påskeevangeliet er fylt av dramatikk. Julen med det lille barnet og alle de syngende englene kommer til oss på en mykere måte. Påskens budskap er sterkt. Vi møter virkelige mennesker som er langt fra fullkomne, - og vi møter Gud, den allmektige og hellige, som er breddfull av kjærlighet og livets kraft.

Vi har Judas, forrederen, og Peter, "sjefsdisippelen" som mistet frimodigheten og nektet for at han kjente Jesus da han ble utfordret. Johannes og Jakob sovnet fra alt sammen ute i Getsemanehagen, selv om de hadde lovet å holde seg våkne, mens Jesus gikk litt lenger innover i hagen der han kjempet i bønn, full av angst for døden. Tomas tvilte, til tross for at han hadde fått oppleve Jesus på nært hold i lang tid. Og alle disse ungdommene hadde Jesus selv valgt ut til prosjektet sitt! - - -

Du vet hvordan det gikk, for du har hørt det før. Men har du fått med deg alt? Det er så mange støysendere i oss og omkring oss som kan forstyrre signalene.

Har du fått tatt inn at Jesu død som gjør opp for all synd, gjelder oss alle, - deg også? Tilgivelse for alle feilskjær overfor Gud, andre mennesker og oss selv, blir delt ut når vi kommer til han med våre levde liv, og gir han den troen vi har. Det er nok det. Har du fått med deg det?

Etter oppstandelsen viste Jesus seg for disiplene sine. Da begynte han ikke med å fortelle dem hvor skuffet han var over at de ikke hadde stilt opp for han da han ble arrestert, spottet og korsfestet. Han spurte Peter om han hadde han kjær. Det var det han ville ha bekreftet. Tenk, å være så raus! Peter ble ikke møtt med bebreidelse.

Guds tilgivelse, oppreisning og ny begynnelse kan Jesus gi til alle som kommer til han med livet sitt. Det tilbudet kan ingen andre gi oss. Han er Herre over liv og død og ønsker å dele sin seier med oss. I påsken samles vi for å synge lovsanger og høre påskefortellingen bli lest. Vi kommer sammen i kirker og bedehus, i store og små grupper. Jesus spør oss: Har dere meg kjær?  - og vi svarer. Bønn som sies eller synges hører han, men også ordløs bønn registreres av hans mottakerapparat.

Jesus lever, og han spør deg: "Har du meg kjær?" Vi får svare som Peter: "Ja, Herre, du vet at jeg har deg kjær". (Joh 21, 15-17)

God påskehøytid med fred og glede!

Anne-Sofie Haarr



Stoffrist: 29.04 / E-post: menighetsbladet@klepp-kirken.no – Telefon: 51 78 95 55 – Bankgiro: 3290.07.02239